

Gamle-Nils 100 år

Del 2

Av Ole Ullahamar 1984

Gamle-Nils, eller Nils L. Austnes, voks opp i Lars-garden på Austnes. Far til Nils kom til Ulla i 1859 og budde der i 16 år. Nils var fødd i 1884 og døydde i 1986, 102 år gammal. I samband med 100-årsdagen hans har Ole Ullahamar skrive om nokre gamlekarar frå Ulla.



Han gamle Nils i Karigarden var ein traust breidvaksen kar ifrå Mettegarden. Han vart gift med enkja etter Kari-Rasmus. Nils var ein "ordjytar". Då han Johan voks og vilde ha meir å segja der i garden, tykte Nils at han Johan var noko brå og hastig av seg, og sa om Johan at "Han var som ein utemmet fole". Han gamle Nils køyrde ofte mjølkespann til kaia på Austnes, når me borna frå Hammaren kom og bad han om å kjøpe gjær til ho mor, so sa han: "Om audet mitt var stort som eit kvennhus, so kunne han ikkje kome ihug alt som me bad han om". Men han nekta aldri, han putta femøringane ned i tubbaksdåsen so han skulde vere sikker på å ikkje gløyme. Han gamle Nils hadde ei syster som heitte Anne, og var gift i Røsvik, Vigra. Ein og anna Vigraturen vart det. Når han kom heimatt då, so vilde folk vita korleis det stod til på Vigra. Ja, so langt han visste, var det bra, men når det galdt gardsdrifta på Synnes var det skrale greide. "Synnes ligg akkurat slik som Vårherre skapte det", sa han gamle Nils. So var det eit år det var so mykje snø, folk vart trøytt og lei av all vaspinga i snøen, men då kunne han gamle Nils trøysta dei med at det var verre eit år oppe på Lesja, der måtte han få snøe so mykje han berre vilde.

Johan Herman Løeg kom frå Valderhaug i 1860-åra, og dreiv handel i Ullahammaren. Kor han var som handelsmann er ikkje so godt å segja, det er som spissbur og komiker me

kjenner han best. Han var ein fast gjest i alle brudlaup, og underheldt med alle komiske grep og kunster som tenkjast kan. I 1880-åra vart det grave ei renne tvert over den grunne øyra austanfor Ullaholmen, og so måtte det byggjast fyrlykt som skjerm for denne ranna. Han Løeg var fyrvaktar, og fyret vart heitande fyret hans Løeg. Det var eit enkelt byggverk, ein lav kjellar, eit rom og ein liten gang, to små glas, fyrlykta midt i romet, senga tett inn for døra, eit skåp i vestre krå, ein liten benk og to stoler, det var det heile. Når me borna kom op til fyret slik i 11-tida, so var det ikkje alltid Løeg var oppe, men når me banka på so kom han i natthuva og let opp, og då bad han oss om å gå burt i bekken og henta vatn. Når me kom att med vatnet, fekk med kvar sitt kaffisukker for turen. I landligge-kvelder var det jamt mange som tok turen opp i fyret til Løeg. Han Løeg spelte på fele, han Jubb-Filop spelte klarinett, og so var det kortspel. I slike kvelder vart det ikkje rom for oss borna, me måtte nøye oss med å høyre på utandørs. Det er fortalt frå ein kveld dei hadde spelt kort om penger, då kom det burt ein 2-kroner som dei ikkje kunne finne att. Når det leid på og dei skulde gå kvar til seg, gjekk han Løeg ut i gangen, kom innatt med ein liten spikar og ei øks, slo spikaren i karmen over døra og hengde øksa opp etter ein grann tråd, og sa: "Når tyven går ut faller øksen ned". Om ei stund gjekk snart ein og snart ein annan. Men der var ein som drygde på, so han Løeg måtte til å spyrja om han ikkje vilde heim til natten. "Nei eg tør ikkje gå," sa han. "Kanskje du vet noe om den 2-kroningen da," sa Løeg. "Ja, her er den," sa guten og sprang ut døra. Han Løeg kjøpte hummer heile den tida han var her. So var det ein vår han "Långe-Hans" spurde Løeg kva hummer-prisen vert i år. "Ja, jeg vet ikke akkurat, men jeg tenker du får få 85 øre , og så 5 øre som du ikke vet om." "Ja, eg er no velfornøgde då eg," sa Hans.

So var det ein mann på Longva, i dagleg tale kalla **Nese-Petter**, han kom ut i Hammaren eit ærend, og so kjøpte han seg litt brennevin med det same. Men når han skulde fare so fann han ikkje brennevinet att. Han leita høgt og lavt utan resultat. Det var berre ei råd att, og det var å få Løeg til å hjelpe seg. Han Løeg vart heilt utav seg, og tykte det var utruleg at noen kunne være so ondskapsfull å stjele brennevin frå ein sånn ærverdig person som du Pitter. "Ja, men ditte e sant," sa Petter. "Ja, bevare meg vel," sa Løeg. "Jeg tviler aldri

på dine ord. Jeg skal anstenge meg det jeg formår for at få fatt i tyven." So gjekk Løeg ut i eit anna rom, tok eit fat og la ein spegel på botnen, slo vatn oppi fatet, strødde ingefær og beiskepeper deroppå, og kom innatt og sette fatet på disken. "Ja, nu får du Pitter komme og se om du kan se noe i dette fatet." Han Petter såg og såg, men kunne ikkje sjå noko mistenkjelegt. "Du får bøye deg nermere ned," sa Løeg. Han Petter so gjorde, då var det ikkje lenge før han tok til å hoste og nyse og såg seg sjølv i spegelen. "Ja no ser eg det, det er so fortreffelegt likt bryggemannen din," sa han Petter. "Ja så, kan du virkelig se det, du må ha gode øine," sa han Løeg. "Ja nu skal jeg gå og undersøke om bryggemannen har noe med tyveriet å gjøre." Om ei lita stund kom han Løeg tilbake og hadde brennevinet med seg, so det enda med lutter smil og glede med begge karane. Kor mange tilreisende som besøkte han Løeg, er uvisst, men det måtte vera eit stort tal. Sjølvaste amtmann Aleksander Kielland var innom fyret og helsa på Løeg, ein gong han var her på veg-inspeksjon.

Ullahammaren. Heilt frå den tid det kom handelsmenn i Hammaren var det ein ettertrakta stad å bygge og bu i. Spesielt for folk som ikkje hadde tilknytning til gardsbruk. Det vart igrunnen det som dei no kaller for pressområde. Det var mange som vilde kjøpe grunn, men det var vanskelegt å få tak i noko. Det var ikkje mange fastbuande folk i Hammaren då handelsmennene kom dit. Det var den korte utroren og den forholdsvis gode hamna som drog. Knut Svendsen og Vebjørn Svendsen kom her i 1860-åra. Noko seinare kom Petter Hellevik. So kom det ein romsdøl, Hallvard Skogvik. Han var smed, og han bygde det huset som næste romsdøl overtok: nemnleg Andreas Tomren. Elias Flem kom, og han kjøpte husa etter Job Brunvoll. I dagleg tale heiter det Elias-garden. Kristoffer Jonsen Longva og Ole Krogsæter kom til Hammaren og kjøpte Gamlestova av Landmandsbanken i Ålesund, etter at handelshuset var konkurs. Rogne-Ole kom og vart gift med enkja Kristianna i Ingebrigt-garden. Edvard Verpeide og Karl Knutson Åkre kom til Ulla i 1896, og vart gift her noko seinare. Kari-Nils bygde hus i Hammaren kring århundrad-skifte. Nils flytte heimatt til Karigarden seinare, og då flytte faren Johan, broren Gustav Vebjørn og systrene Laura og Klara inn i Hammaren. Gustav byrja med handel der. Jo-Petter bygde hus

i Hammaren i 1914-15, og Laurits Svendsen bygde i 1918. Berte Ulla bygde hus i Hammaren i 1932-33.

Då Skogvik-smeden reiste herifrå vart dei utan smed i Hammaren, og det kunne ikkje gå i lengda når me veit at sume år låg det op til 70 båtar i utfar inne på Vålen. Då var det at Myr-Ol-Elias frå Hildre kom her og var med i fiskjetida. Han hadde smie i ei hole ovanfor Storebuda. Når det vart tjukk snøkava eller regn, so strakte han eit segl over som tok av verste drevet!

Ja, tida har endra seg, og vi med den!